

Kontrollutvalet i Sogndal kommune

Dagmar Ølnes Lotsberg

Sogndal 19.03.10


Møtebok sak 3/2010

Vedlagt følger møtebok frå kontrollutvalet si handsaming av sak 3/2010

Vedlegg:

1. møtebok sak 3/2010
2. saksframlegg sak 3/2010 m/vedlegg.

Sogndal, 19. mars 2010


Hallvard D Husum
Leiar i kontrollutvalet

Møtebok kontrollutvalet i Sogndal kommune

Sak 03/2010 Orienteringssak knytt til byggesak på Kjørnes

Sakshandsamar	Møtedato	Saknr
Richard Nesheim	17.02.2010	03/2010

Framlegg til vedtak: Saka var lagt fram utan tilråding

Rådmannen møtte i saka og orienterte om saksgangen så langt, og status i saka.

17.02.2010 KONTROLLUTVALET

KON-03/10 VEDTAK:

Rådmannen si orientering vart teke til etterretning. Ein avventar fylkesmannen si handsaming av saka og vil deretter følgje opp kommunen si vidare handsaming av saka.

Samrøystes.

Kontrollutvalet i Sogndal kommune

Sak 03/2010 Orienteringssak knytt til byggesak på Kjørnes

Sakshandsamar Richard Nesheim	Møtedato 17.02.2010	Saknr 03/2010
---	-------------------------------	-------------------------

KONTROLLUTVALSSEKRETARIATET SI INNSTILLING:

Saka vert lagt fram utan tilråding.

VEDLEGG

Nr.	Dok. Dato	Avsendar	Tittel
1		Dagmar Ølnes Lotsberg	E-post til kontrollutvalsleiar og sekretariat av 09.01.10, med vedlegg
2		Dagmar Ølnes Lotsberg	Dokument oversendt kontrollutvalet 08.09.09

Saksutgreiing:

Sekretariatet viser til tidlegare oversendte dokument frå Dagmar Ølnes, utdelt i kontrollutvalsmøtet den 21.09 (vedlegg 2 i saka), samt e-post motteke av sekretariatet og kontrollutleiar den 09.01.10.

Som det går fram av e-posten frå Dagmar Ølnes, vedlegg 1, oppheva fylkesmannen vedtaket om byggjeløyve den 14.12.09. Etter dette har saka blitt sendt i retur til fylkesmannen, frå kommunen si side, for ny handsaming. Ølnes reagerer på framgangsmåten og ber kontrollutvalet i brev av 09.01.2009 kontrollutvalet om å sjå nærare på både rådmann, ordførar og forvaltningsutval sine roller i saka.

Etter det vi er kjent med er saka framleis til handsaming hjå fylkesmannen. Før svaret kjem derifrå kan ikkje kontrollutvalet gjere anna enn å orientere seg i saka.

Det er til dels sterke skuldingar som blir sett fram i oversendte brev og e-postar knytt til svikt i sakshandsamingsrutinene til kommunen. På bakgrunn av dette er rådmannen kalla inn til møtet for å orientere kontrollutvalet om kommuneadministrasjonen si handtering av saka.

Vidare framdrift: Kontrollutvalet bør avvete den endelege handsaminga hjå fylkesmannen. Når denne føreligg, bør kontrollutvalet ta stilling til om dei skal gjere ein uttale i saka. Denne må då vere basert på fylkesmannen si avgjerd, administrasjonen si orienteringa i møtet 17.02, samt vedlagte dokument frå Dagmar Ølnes Lotsberg.